



Bjørn Olav Tveit og Ann Irene Sæle fekk velfortent takk på årsmøtet.

Under årsmøtet i Utdanningsforbundet Kvinnherad på Rosendal Fjordhotel fredag kveld takka Bjørn Olav Tveit av som leiar i lokallaget. Tveit kan sjå tilbake på 8 år i leiarstolen, og gjennom alle åra har han vore ein markant, profilert og dugande leiar. Han har vore ein god talsmann for den store medlemsmassen, og han har lagt ned eit godt arbeid for Kvinnheradsskulen.

Det var nok ein samla årsmøtelyd som stilte seg bak dei rosande orda i takketalen som styremedlem i Utdanningsforbundet Kvinnherad og rektor på Husnes ungdomsskule, Morten Vevatne, heldt. Vevatne overrekte han ei lita, men viktig bok med på vegen vidare medan eit anna styremedlem Ann Irene Sæle representerte styret og medlemene då ho takka han med blomar og fyrverkeri.

Når Bjørn Olav no sluttar som lokallagsleiar, er han ikkje tapt for fagforreininga. Han er no innstilt som leiar av grunnskuleavdelinga på fylkesnivå. Det er ei heiltidsstilling. Han legg ikkje skjul på at han er svært glad for at han kan overlata leiarvervet i Kvinnherad til Olaug Heggenes frå Valen skule. Ho har lang erfaring frå god jobb både som tillitsvald og styremedlem.

Bjørn Olav var ikkje einaste uskedelingen som vart takka på årsmøte. Ann Irene Sæle vart og takka med godord og blomar. Ho har vore hovudtillitsvald i avdeling for barnehage, men slutta av då ho vart tilsett som styrar i Uskedalen barnehage. Også ho har verv på fylkesnivå.



Bjørn Olav Tveit vart takka med gode ord, blomar og fyrverkeri då han gjekk av som leiar etter 8 år.
Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland